

## Årsproduksjon for ruteproduksjon i kilometer 2017

	Rutekilometer 2016	Rutekilometer 2017
Bybanen	1 602 448	2 010 092
Austevoll	400 429	398 912
Sunnhordland	2 152 104	2 193 365
Hardanger og Voss	5 406 500	5 425 715
Modalen og Vaksdal	368 335	369 324
Nordhordland	3 199 974	3 209 054
Osterøy	1 027 905	1 023 845
Bergen sør	6 252 575	6 244 996
Bergen nord	6 525 750	6 668 084
Bergen sentrum	4 619 636	5 013 540
Vest	5 109 829	5 133 171
Servicelinjene i Bergen	54 944	53 737
Totalt buss	35 117 981	35 733 743

Tala viser planlagt ruteproduksjon per kontraktsområde målt i kilometer. Produksjonstala vert henta ut frå ruteplanleggingsystemet, Hastus, og viser planlagt produksjon. I 2017 tala ligg endringane knytt til sykkel-VM.

Tala viser ikkje delar av avvikskøyring grunna uføresette hendingar og midlertidige omleggingar, som til dømes ved vegarbeid, omlegging grunna ras, ein del arrangement m.v.. Skuleskyss vil og variere gjennom året, og frå år til år, som følgje av at skulane har ulike planleggingsdagar og ferieveker, og at produksjonen vert tilpassa dette til den enkelte skule.

Frå år til år vil talet på sundagar, tal kvardagar i romjula, skottår og liknande påverke den totale ruteproduksjonen. Det at ruteproduksjonen for eit heilt år viser «avvik» mellom åra er ikkje nødvendigvis på grunn av endringar i rutetilbodet, men i desse årlege kalendervariasjonane. I tillegg vil behovet for skuleskyss variere frå år til år og såleis påverke produksjonstalet. Som eit døme utgjer forskjellen mellom årsproduksjonen i Austevoll frå 2016 til 2017 omlag ruteproduksjon på ein kvardag.

I årsrapportane for 2015 og 2016 er årsproduksjonen for det enkelte år tatt med i faktadelen. Det er i årsrapporten valt å i staden å vise produksjonen for ei normalveke, måndag til fredag, då dette vil gje eit betre bilete av utvikling av ruteproduksjonen.